

Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd (Valstyret)
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 24.08.2023
Tid: Kl. 16.00 - 18.30
Ord for dagen: Tom

Forfall må meldast til kyrkjeverje: jaov@fitjar.kommune.no eller 90 19 70 69.

Karin Maria Korsvik møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	leiar
Anne Marie Røed	nestleiar
Sigrid Marie Fangel	skrivar
Tom Rydland	medlem
Wenche Andersen Helland	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Olav J. Oma	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jostein Skram	1. vara
Karin Maria Korsvik	2. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppen	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	kyrkjeverje

Fitjar, 18.08.2023

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2023/57	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2023/58	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 15.06.2023	
2023/59		Orientering om arbeidet i soknet	
2023/60		Kyrkjevalet – organisering og praktisk gjennomføring	
2023/61		Søknad om løna studiedagar og støtte til semesteravgift	
2023/65		Meldingar / open post	

Sak 2023/57 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2023/58 012.1 Referat frå sist møte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 15.06.2023.

Sak 2023/59 Orientering om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje og sokneprest legg fram ei orientering om arbeidet sommaren 2023.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2023/60 Kyrkjevalet – organisering og praktisk gjennomføring

Mykje av førebuingane til kyrkjevalet er alt på plass.

Soknerådet, som i denne samanhengen vert rekna som valstyre, har ansvar for gjennomføring av valet og har alt gjort ein del vedtak. Kyrkjeverja orienterer om organiseringa i møtet. Stikkord er:

- Organisering og gjennomføring av førehandsrøysting
- Manntalet
- Organisering og gjennomføring av valtinget den 11. september
- Stemmestyre og valfunksjonærar (dei som skal ha ansvar i vallokalet på valdagen)
- Opplæring av valfunksjonærane
- Organisering og gjennomføring av oppteljing
- Offentleggjering av valresultat
- Protokoll for valstyret

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2023/61 Søknad om løna studiedagar og støtte til semesteravgift

Kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre søker om 7 løna studiedagar og støtte til semesteravgift for haustsemesteret 2023. Dette til etterutdanning på MF vitenskapelige høyskole, 15 studiepoeng i «kirkens tro og tradisjon». Emnet er eit av fire emnar i trosopplæring i eit samarbeid mellom VID vitenskapelige høyskole og MF vitenskapelig høyskole. Emnet er eit nettstudium med nettføresningar av faglærar ved MF. Denne etterutdanninga vil gje meir generell kompetanse om trushistoria og trosopplæringa vår, med eit spesielt fokus på konfirmantar!

Framlegg til vedtak:

Soknerådet ser positivt til initiativet til etterutdanning, og relevansen for arbeidet som kyrkjelydspedagog. Randi får innvilga 7 studiedagar med løn samt semesteravgift.

Sak 2023/62 Frivilligfest

Soknerådet gjorde vedtak i mai dette året, om å utsetja frivilligfesten til hausten. Arbeidsutvalet har prøvd å finna høveleg dato for frivilligfest denne hausten, men er usikker. Er det mogleg å danna ei gruppe som kan førebu ein frivilligfest, og som kan arbeida med både dato/tidspunkt og program?

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2022/63 Meldingar / open post

- Diakon/diakonimedarbeiderstilling som er lyst ut
- Framtidig organisering – vedtak kyrkjemøtet
- Hjertestartar i Fitjar kyrkje – kurs lunge- og hjarteredning